

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Vest RHF

**DATO:** 12.05.2020  
**SAKSHANDSAMAR:** Ivar Eriksen  
**SAKA GJELD:** **Sal av eiendom i Helse Bergen HF - Flyen 40**

**ARKIVSAK:** 2020/428  
**STYRESAK:** **071/20**

**STYREMØTE:** **20.05. 2020**

---

### FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret i Helse Vest RHF gir sin tilslutning til sal av eiendommen gnr. 105 bnr. 396 med adresse Flyen 40 i Bergen kommune.
2. Det blir gjennomført føretaksmøte i Helse Bergen HF, for formelt å vedta sal, jf. lov om helseføretak § 31.

## Oppsummering

Helse Bergen ønskjer å selje den eine av eigedomane på Hjellestad som føretaket overtok i forbindelse med verksemdsoverdraginga av Stiftelsen Bergensklinikkene.

Eigedomen er verdsatt til kr 8 500 000, og føretaket har etter gjennomført bodrunde ein kjøpar som vil gi kr 8 510 000 kr eigedomen.

Administrerande direktør tilrår at styret i Helse Vest RHF gir sin tilslutning til sal av eigedomen.

## Fakta

Da Helse Bergen HF overtok verksemda til Stiftelsen Bergensklikkene den 01.12.2019 overtok føretaket og to eigedomar på Hjellestad. På den største eigedomen står klinikbygget til tidligare Hjellestadklinikken, som er planlagt revet. På den mindre eigedommen står eit leilegheitsbygg.

Leilegheitsbygget inneheld to eitt-roms- og seks to-roms leilegheiter, totalt 8 bueiningar. Alle er av enkel standard. Helse Bergen har ikkje behov for bygget i eigen drift verken no eller i framtida, og helseføretaket harr fremja forslag til å selje dette bygget på den opne marknaden.

Eigedommen har vore annonsert på finn.no, og det har vore både visning og bodrunde. Verdivurderinga tatt av eigedomsmeglar satt verdien til kr 8 500 000. Den som hadde det høgaste bodet på eigedomen, vil kjøpe den for 8 510 000.

## Kommentarar

Etter helseføretakslova § 31 skal sal av fast eigedom avgjerast av føretaksmøtet i det einskilde helseføretaket, etter forslag frå styret. For sal av eigedomar med verdi mindre enn 10 millionar kroner er det ikkje naudsynt å leggja saka fram for departementet.

Helse Bergen har innhenta verdivurdering for eigedomen. Verdien er satt til kr 8 500 000.

Styret i Helse Bergen HF behandla saka i styremøte 15. april 2020, sak 32/20. Det blei gjort følgjande vedtak i saka:

1. *Styret tilrår at eigedomen gnr. 105 bnr. 396 med adresse Flyen 40 i Bergen kommune vert seld til kr 8 510 000.*
2. *Saka vert sendt til føretaksmøtet i Helse Bergen HF for vidare handsaming/godkjenning*

## Konklusjon

Administrerende direktør tilrår at styret i Helse Vest RHF gir sin tilslutning til sal av eiedomane. Ein legg til grunn at eiedomane blir lagt ut for sal på den opne marknaden.

Vedlegg: Salsoppgåve med takstrappport